

Møre og Romsdal Avisforeining

distriktsforening under MBL

ved Tore Dyrnes

c/o Tidens Krav

Postboks 8

6501 Kristiansund

Kristiansund 12. januar 2014

Kulturdepartementet

Postboks 8030 DEP

0030 Oslo

Høringsuttale om forslag til endringar i forskrift om produksjonstilskott til nyhende- og aktualitetsmedier

Møre og Romsdal Avisforeining representerer 13 mediebedrifter i Møre og Romsdal. Tre av desse, Mørenytt med utgjevarstad Ørsta og opplag på 5.528, Vikebladet Vestposten med utgjevarstad Ulsteinvik og opplag 4.313 og Vestlandsnytt med utgjevarstad Fosnavåg og opplag på 5.040, vil bli råka av forslaget om å senke opplagsgrensa for å få pressestøtte frå 6.000 til 4.000 for aviser som er nummer ein eller aleine på sine utgjevarstader.

ENDRINGAR I RAMMEVILKÅR

Ei eventuell fjerning av produksjonstilskottet vil råke de aktuelle avisene i ein svært sårbar periode. Lesar- og annonsørvarnar er i rask endring, og dei tradisjonelle avisinntektene, både abonnement og annonsar, er fallande.

Endring i rammevilkåra vil gjere omstillingar til den nye medieframtida vanskelegare og redusere evna til å halde på eit høgt redaksjonelt og journalistisk nivå.

Det vil også vere kjent at det vert arbeidd med likestilling av medieplattformane i spørsmålet om meirverdiavgift. Om dette vert innført, og MVA vert lagt også på aviser i abonnement og laussal som hittil har vore MVA-frie, vil dette for ei avis med rundt 5.000 i opplag medføre MVA på rundt 0,5 mill. kr. I ein sårbar periode med varig fallande avisopplag, vil innføring av MVA ikkje automatisk kunne leggst på abonnements- og laussalspris, og såleis kunne ramme verksemdene si inntektsside.

KONKURRANSESITUASJONEN

Kulturdepartementet legg til grunn at aviser som kan bli råka av ei endring, er nummer ein- og åleinemedium i sin marknad, og såleis lite konkurranseutsett. Dette er ikkje korrekt. Konkurransesituasjonen er for alle aukande og svært utfordrande, med eit aukande tal på aktørar både i lesar- og reklamemarknaden. Dette gjeld lokale aktørar som gratisaviser og magasinutgjevarar i eit aukande mangfald, etablerte nasjonale/regionale aktørar som laussalsaviser og NRK, og ikkje minst dei nye digitale tilboda, herunder sosiale media som også er kanalar med auka bruk av nyhendeformidling og reklamekommunikasjon.

ØKONOMI

Det blir vist til at lokalaviser med opplag mellom 4.000 og 6.000 som gruppe, gjekk med overskott i 2012. I vårt område kan det visast til at verksemder t.d. dei siste fem åra i sum hadde underskott utan produksjonstilskott.

Vårt døme er Møre-Nytt:

År	2009	2010	2011	2012	Pr nov 2013
Driftsresultat inkl avskr. (1.000 kr)	-54	811	-163	579	-470
Produksjonstilskott	374	382	394	403	388
Driftsresultat utan produksjonstilskott	-428	429	-557	176	-858

MEDIEMANGFALDET OG REDAKSJONELL KVALITET

Dagens nivå på produksjonstilskott for dei aktuelle avisene utgjer finansiering av i underkant av ei redaksjonell stilling, eller 20-25 prosent av den samla journalistiske ressursen.

Eit eventuelt bortfall av produksjonstilskott vil sette ressursbruken under nytt press, ein svært krevjande situasjon der redaksjonane også må ta hand om publisering i fleire kanalar. Dette burde isolert sett ha kravd fleire redaksjonelle ressursar for å halde opp den ønskede redaksjonelle kvaliteten på alle plattformar.

Det store fleirtalet av lokalaviser på Nordvestlandet kjem ut på nynorsk. Det må vere ei samfunnsoppgåve å syte for at avisene kan publisere og lesarane kan nytte si eiga språkform gjennom bruk av dei lokale avisene som er sikra eit best mogeleg driftsgrunnlag, også slik at mediemangfaldet og den journalistiske kvaliteten vert halde oppe.

RÅKAR VILKÅRLEG

Det er vanskeleg å sjå at innføring ei grense på 4000 i opplag for mottak av produksjonstilskott ikkje innfører nye, utilsikta forskjellar i driftsgrunnlaget for lokalavisene. Vi finn liten logikk i at aviser med opplag på 4.100 generelt sett skal ha betre driftsgrunnlag til å greie seg utan produksjonstilskott enn ei avis på 3.900 i opplag.

Konklusjon

Møre og Romsdal avisforeining er sterkt usamd i forslaget om å senke opplagsgrensa for å kunne motta pressestøtte. Forslaget kjem på eit tidspunkt der mediebransjen generelt og lokalaviser spesielt, har store utfordringar i forhold til den digitale transformasjonen. Bortfall av pressestøtte vil råke eit mediemangfold som er viktig for lokaldemokratiet. Vi oppmodar difor regjeringa om å halde fram ordninga med økonomiske verkemiddel for å ivareta ein differensiert presse.

Med venleg helsing



Tore Dyrnes

Tore Dyrnes

Leiar Møre og Romsdal Avisforeining

